



Statens vegvesen

ALVER KOMMUNE
Postboks 4

5906 FREKHAUG

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:
20/108193-3

Dykkar referanse:
20/1800 – 22/95147

Vår dato:
24.01.2023

Svar på førespurnad om vurdering av trafikkanalyse – Detaljreguleringsplan for Feste Kai- og næringsområde. PlanID 1263-201609

Vi viser til brev frå Alver kommune dagsett 14.12.2022, med førespurnad om vurdering av trafikkanalyse. Frist for uttale er sett til 31.01.2023.

Kommunen skriv i sitt brev:

«Alver kommunestyre vedtok detaljreguleringsplanen for Feste Kai- og næringsområde. PlanID 1263-201609, sak 005/20 den 20.2.2020. På bakgrunn av klage på planen, der det kom fram manglande avklaringar knytt til den trafikale situasjonen i område vart planen oppheva av Statsforvaltaren i Vestland 24.3.2021.

Tiltakshavar har engasjert Multiconsult til å lage ein trafikkanalyse som skal svare ut alle spørsmål som vegmynde og Statsforvaltaren spurte om i plan- og klageprosessen, sjå vedlegg 1 og 2. Opphevingsvedtaket frå Statsforvaltaren ligg og vedlagt.»

Statens vegvesen si vurdering:

Det er positivt at det er utarbeida trafikkanalyse knytt til planen. Vi oppfattar at trafikkanalyse ser på fleire viktige trafikkaspekt og trur tiltaka Multiconsult foreslår for å betre den trafikale situasjonen er fornuftige.

Førebels har vi likevel ikkje grunnlag for å sei noko om i kva grad tiltaka er tilstrekkelege, ut frå følgande:

Vi saknar ei vurdering av trafikksikkerheit, især for mjuke trafikantar, og viser til vårt innspel vedr. trafikksikkerheit ved offentleg ettersyn (referert her): *«På kaien møtast ulike trafikantgrupper. Bilar og syklistar kjem frå fylkesvegen til parkeringsområda, medan dei båtfolket kjem gåande frå flytebyggene. Felles målpunkt er butikken og tilhøyrande fasilitetar. Etter vårt syn er det difor viktig å ha tydeleg skilje mellom parkeringsareal og*

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

gangareal, og etablere trygge gangaksar. I planframlegget er det ikkje sett av særskilt areal for gåande. Vi vil be om at ein har fokus på trygge gangareal ved detaljutforming av området.»

Det er også uklart kva trafikkendring som må forventast som følgje av føreslått utvikling av Feste Kai- og næringsområde. Dette må kome tydeleg fram i analysa.

Vidare ser vi at det er behov for at trafikkanalysa gjer ei vurdering av trafikktilhøva ved større arrangement og sommaraktivitetar som omtalt på side 7 i planskildringa.

Vi ber om at trafikkanalyse som følgjer planforslaget ved ny høyring gjer greie for ovannemnte tilhøve inkl. tiltaksbehov. Opparbeiding av aktuelle samferdselsanlegg må sikrast i planløyising og rekkefølgjekrav i reguleringsplanen.

Fastsetting av endepunkt for fylkesvegen må avklarast med Vestland fylkeskommune.

Transportforvaltning

Med helsing

Kjell Erik Myre
fung. seksjonsleiar

Ingelin Garen
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

VESTLAND FYLKESKOMMUNE INFRASTRUKTUR OG VEG, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER